



Solfrid Sagstad og Tom Erik Sagstad  
Mjåtveitvegen 7b  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1351 - 16/9928

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:  
23.05.2016

## Godkjent - GBNR 23/94,73 Arealoverføring

**Administrativt vedtak. Saknr: 143/2016**

**Tiltakshavar:** Solfrid og Tom-Erik Sagstad og Vegard Sagstad  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om arealoverføring frå gbnr. 23/94 til gbnr. 23/73. Eigedomane er regulert til bustad i reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, planid: 125619951011.

I søknaden står det at Jon Olav Veland skal overta parsell C i henhold til situasjonskartet. Vi føreset at Veland skal overta parsell A, som vist på kartet. Det vert elles vist til søknad datert 25.4.2016.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

### VURDERING:

#### Lov- og plangrunnlag:

Opprettig og endring av eigedom er eit «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av

eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustad i reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, planid: 125619951011. Det same gjeld gbnr. 23/73 som arealet skal overførast til. Overføring er dermed ikkje i strid med gjeldande reguleringsplan for området, og det kan gis løyve til omsøkt deling, jf. pbl § 26-1.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 første ledd bokstav m) løyve til arealoverføring på 90 m<sup>2</sup> frå gbnr. 23/94 til 23/73 i henhold til vedlagte situasjonskart.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klag på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Gebyr for handsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vart kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 23/94,73 Frekhaug - endring av matrikkeleininger  
kart  
avtale om vegrett



**Mottakere:**

Solfrid Sagstad og Tom Erik Sagstad    Mjåtveitvegen 7b    5918  
Vegard Sagstad    Mjåtveitvegen 7a    5918

FREKHAUG  
FREKHAUG